

## Daud reke observert på Rødsvågen.

18.02.2019



Store mengder daud reke ligg i stranda i Rødsvågen.

**Ein turgåar observerte store mengder daud reke på Rødsvågen i dag. Plassen ligg nokre hundre meter innom Bøkkerverkstaden. Rødsvågen er synleg frå Fylkesvegen og har sitt særpreg ved at det er langgrunt og at vågen fjærar turr to gonger i døgeret. Brakkvatn gjer at det på vågen alltid er eit variert og rikt dyreliv med mange biotopar. Det er ikkje kjend kva som er årsaka til den daude reka.**

Uskedalen.no har alt vore i kontakt med fagfolk, både yrkesfiskar og veterinær. Det er vanskeleg å sei noko om årsaka før prøve er sendt til analyse. Det må å så fall gjerast på Veterinærinstituttet i Bergen.

Når ein ikkje veit meir, er det uråd å ha tankar om årsaka, anten er det frå gift i sjøen eller frå slepp frå båt. Frå tid til anna vert faktisk reke eller krill skremd på land av anna fisk.

Grunneigaren, Siv Framnes, kom heim frå arbeid og la merke til mykje stor fugl på plassen. Ho fekk ikkje tid til å

gå til sjøen og mørke kom på. Ho vil finna meir ut om kvifor den daud reka ligg i stranda hennar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Reidun Alvsaker